



Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 16/2128-23

## Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2016/17

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2016-2017, vedteke i HO-sak 27/15, vert endra slik:

Det utlyste tilbudet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med to grupper  
Vidaregåande trinn 1 service og samferdsel vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 klima-, energi og miljøteknikk vert ikkje sett i gang  
Vidaregåande trinn 2 kokk og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 2 maritim produksjonsteknikk vert ikkje sett i gang  
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei halv gruppe  
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Hafstad vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka frå 3 til 4 grupper  
Vidaregåande trinn 2 studiespesialisering vert redusert frå 4 til 3 grupper

Det utlyste tilbudet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 2 byggteknikk vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 1 elektrofag vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 anleggsteknikk vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbudet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe

2. Tilboda som ikkje vert tilrådd sette i gang for skuleåret 2016-17 skal vurderast i sak om opplæringstilbudet for skuleåret 2017-18
3. Det vert sett av ein grupperessurs til oppretting av ei ekstra gruppe ved behov i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere grupperessursen i samband med inntaket.
4. Den alt tildelte auken i budsjettet for opplæringssektoren på 3,0 mill. kr i 2016 vert nytta til å finansiere auken på 5 grupper hausten 2016. Tilleggsbehovet på 0,185 mill. kr utover dette vert finansiert innan ramma for opplæringssektoren. Ein vil seinare justere budsjettet for dette.
5. Finansiering av auken på 5 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### Vedlegg:

Vedlegg 1	Innspel frå skulane
Vedlegg 2	Innspel frå opplæringskontora
Vedlegg 3, 3a	Saksframstilling og saksprotokoll frå Fagopplæringsnemnda 10.3.16 (sak 5/16)
Vedlegg 4	1.prøveinntak 2.3.2016

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Sak 27/15 Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 til hovudutval for opplæring, handsama i HO 24.11.2015

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. SAMANDRAG**

Hovudutval for opplæring handsama 24.11.15 sak 27/15, Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17. På bakgrunn av søkjartala og åtte prøveinntak gjer fylkesrådmannen no framlegg om at opplæringstilbodet vert justert slik det går fram av tilrådinga.

Elevane sine rettar, tilbodsstrukturen og vedtak om minimum søkjartal, slik dette blei vedteke av fylkestinget i saka om skulebruksplanen, legg premissane for arbeidet med saka (FT-sak 26/13 Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024).

### **2. BAKGRUNN**

I møte 24.11.15 gjorde hovudutval for opplæring vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars. Innanfor den økonomiske ramma fann hovudutvalet ikkje rom for å lyse ut vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Dale vidaregåande skule. Utfordringa vart handsama i fylkestinget, som i møte 8.12.15, sak 67/ 15 gjorde slikt vedtak:

- *Den samla grupperessursen vert auka med éi gruppe for å gi rom for å lyse ut éin klasse ved vg3 påbygg i Dale.*
- *Finansiering vert eventuelt å kome tilbake til i samband med justeringa av opplæringstilbodet våren 2016.*

Tilbodet vart, på bakgrunn av dette, lyst ut med 215 grupper.

### **3. PROSESS OG FØRESETNADER**

Det vedtekne opplæringstilbodet blei lyst ut i januar månad, med søknadsfrist 1. februar for søkjarar med rett til spesialundervisning og 1. mars for alle andre søkjarar.

Fylkestinget vedtok i saka om skulebruksplanen, punkt 6:

*Det er ei målsetjing at oppfyllingsgraden skal vere så høg som mogleg. Det skal vere minimum 8 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på yrkesfaglege utdanningsprogram og minimum 20 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på studieførebuande utdanningsprogram frå skuleåret 2014/15.*

I HO- sak 34/13 Opplæringstilbodet for skuleåret 2014-15 gjorde hovudutval for opplæring slikt tilleggsvedtak:  
*Krav til minimumssøkjartal i utdanningsprogrammet musikk, dans og drama skal vere 16 søkjarar til kvart av nivåa vg1, vg2 og vg3 musikk og 16 søkjarar samla for dans og drama for kvart av nivåa.*

I FT-sak 55/13 vart det gjort slikt vedtak:

*Fylkestinget gjev Hovudutval for opplæring fullmakt til innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet å gjere unntak frå vedtak i fylkestinget sak 26/13 pkt.6 om oppfyllingskrav.*

Opplæringsretten er knytt til utdanningsprogram, ikkje til skulestad. Søkjarane i Sogn og Fjordane har høve til å setje opp tre skuleønskje per valde utdanningsprogram. Dette er tillegg ut over kravet i opplæringslova. Fylkes-kommunen kan difor gje søkjarar tilbod på ein skule dei ikkje har søkt på.

I sak 27/15 «Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17» omtala Fylkesdirektøren endringane i premissane for forventa søkjargrunnlag. Desse var lagt til grunn for forventa plasstalsbehov.

Fylkeskommunen har ansvar for at søkjarar med ungdomsrett får oppfylt rettane sine, og fylkesrådmannen må difor legge fram eit tilbod som synleggjer dette.

Ein veit av erfaring at ein del søkjarar takkar nei til plassane dei får i inntaket. Det gjeld inntekne både på første

og lågare ønske. I arbeidet med å få på plass eit samla tilbod har fylkesrådmannen også gjort vurderingar av totalt inntekne søkjarar til det einskilde tilbodet som var lyst ut for søking. I utdanningsprogram med relativt mange plassar totalt er det difor akseptabelt med ei lita underdekning.

Tidlegare vedteken føring på at det er inntekne elevar med ungdomsrett som er grunnlaget for kapasiteten i neste års opplæringstilbod er vidareført. Søkjartala som vert presenterte i tabellane på skule og regionnivå er søkjarar med ungdomsrett. I tidsrommet etter 1. inntak og fram mot skulestart vert det opna for at søkjarar med fullføringsrett, vaksenrett og ungdomar utan rett kan få inntak til ledige plassar.

Prøveinntaka er gjennomførde på grunnlag av karakterane ved 1. termin. Kva for søkjarar som kjem inn på dei ulike tilboda er ikkje klart før inntaket 5. juli. Prøveinntak er til hjelp i arbeidet med dimensjonering av tilbodet. Det har vore gjennomført åtte prøveinntak i perioden 3.-17. mars. Første prøveinntak vart sendt hovudutvalet, fylkestillsvalde i opplæringssektoren og rektorane.

Fylkesdirektøren møtte rektorane 7. og 8. mars. Sidan fylkesrådmannen på det tidspunktet allereie hadde prøvd ut ulike kombinasjonar med auke og reduksjonar av grupper, var det siste prøveinntak som vart drøfta med rektorane. Tanken var å gje rektorane best mogeleg grunnlag for å sjå opplæringstilbodet i samanheng, og å syne dei ulike problemstillingane for fylket samla. Skulane fekk frist til 11. mars med å kome med tilbake-meldingar på resultatet av femte prøveinntak. Innspela er kort refererte her, og er vedlegg til saka.

Fagopplæringsnemnda har ei viktig rolle for å ivareta næringslivet sine behov for faglærd arbeidskraft. Fylkeskommunen skal legge vekt på det fagopplæringsnemnda har vedteke eller uttala. (§4-8 i Opplæringslova). Fagopplæringsnemnda handsama opplæringstilbodet i møte 10. mars, og deira tilråding er omtala i saka.

Utgangspunktet for saksframstillinga er søkjartal per 2. mars (vedlegg 3) og gjennomførde prøveinntak. I saka viser fylkesrådmannen endringar i høve det utlyste tilbodet.

#### **4. NÆRARE OM PRIMÆRSØKJARTALA PER 2.3. 2016**

Søkjartala per 2.mars synte vesentleg fleire søkjarar til vg1 enn det som var lagt til grunn i saka om opplæringstilbodet i haust. Det er om lag 30 fleire søkjarar til vg1, medan fylkesrådmannen la til grunn ein nedgang. Manglande nedgang skuldast både at omvalstalet ikkje gjekk ned og at tal søkjarar til vg1 frå den totale elevmassen med ungdomsrett er større enn forventa.

	2014/15	2015/16	2016/17	Endringar frå 2015/16 til 2016/17
<b>Søkjarar til skule:</b>	pr 5.3.2014	pr 3.3.2015	2.3.2016.	
Med ungdomsrett	4207	4045	4029	-16
Søkjarar til vg1 av dei med ungdomsrett	1624	1582	1610	28
Utan ungdomsrett	280	248	274	26
Totalt- med og utan ungdomsrett	4487	4293	4303	10
Tal plassar i skule	4451	4364	4147	-217
<b>Søkjarar til bedrift:</b>				
Med ungdomsrett	492	514	487	-27
Utan ungdomsrett	102	111	123	12
Totalt- med og utan ungdomsrett	594	625	610	-15
Tal intensjonsavtalar med lærebedrifter	797	786	892	106
<b>Tal søkjarar med ungdomsrett til skule og opplæring i bedrift</b>	4699	4559	4516	-43
Primærsøkjarar med ungdomsrett utan tilbod	204	221	271	50
Ledige plassar	347	239	215	-24
Søkjarar frå grunnskulen til vg1 - våre skular	1425	1434	1407	-27

Tabell 1 syner søkinga pr. 2.3.2016. Tal søkjarar med ungdomsrett til skule har gått ned med 16 frå i fjor.

Primærsøking til vg1 med ungdomsrett	skuleåret 2015-16	skuleåret 2016-17
Bygg-og anleggsteknikk	101	111
Design og handverk	25	32
Elektrofag	201	196
Helse-og oppvekstfag	169	191
Idrettsfag	107	92
Kunst, design og arkitektur		17
Musikk,dans,drama	35	66
Medium og kommunikasjon	45	34
Naturbruk	36	48
Restaurant- og matfag	37	34
Service og samferdsle	78	57
Studiespesialisering	535	556
Studiespesialisering med forgjeving	22	
Teknikk og industriell produksjon	191	176
<b>Sum</b>	<b>1582</b>	<b>1610</b>

Tabell 2

Tabell 2 syner tal søkjarar til vg1. Det er 28 fleire søkjarar enn i fjor. Tal søkjarar og endringane i mange av utdanningsprogramma er så små at ein har valt å presentere reelle tal. Det er fleire søkjarar til bygg- og anleggsteknikk, design og handverk, helse- og oppvekstfag, musikk, dans og drama og studiespesialisering. Det er færre søkjarar til elektrofag, idrettsfag, medium og kommunikasjon, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon.

#### Bygg- og anleggsteknikk

Søkinga til dette utdanningsprogrammet har gått ned dei siste åra, men både i fjor og i år er det ein liten auke av søkjarane til vg1 som har bygg- og anleggsteknikk som primærønske. Læreplasztilgangen er god, og bransjen ønskjer fleire søkjarar til å gå inn i dei ledige læreplassane.

#### Elektrofag

Søkinga til elektrofag gått litt ned frå i fjor. Utdanningsprogrammet er populært, og opplæringskontoret meiner at kapasiteten kan aukast noko.

#### Naturbruk

Søkinga til vg1 naturbruk har auka dei seinaste to åra, og i år er det 12 fleire primærsøkjarar enn i fjor.

#### Restaurant- og matfag

Søkinga til restaurant- og matfag har vore svak over fleire år. Det har vore satsa mykje på rekruttering, både frå bransjen og frå skulane si side, men det har likevel ikkje gitt resultat i fleire søkjarar.

#### Service og samferdsel

Til vg1 er det ein nedgang i tal søkjarar. Det har over tid vore mangel på læreplassar i utdanningsprogrammet. Det siste året er det sett i gang tiltak som viser ein auke i tal læreplassar.

#### Teknikk og industriell

Teknikk og industriell produksjon er eit utdanningsprogrammet der det innanfor fleire fag har vore utfordrande å ha tilgang på nok læreplassar, og søkinga tilpassar seg delvis desse signala. Tal tilgjengelege læreplassar er framleis ikkje i samsvar med søkinga. Dei siste par åra har det vore mange søkjarar som ikkje har fått læreplass etter avslutta vg2. Det har vore jobba både for rekruttering av nye lærebedrifter og for å auke tal læreplassar hjå eksisterande lærebedrifter. Desse tiltaka har ikkje gitt tilstrekkeleg auke i nye læreplassar.

#### Studieførebuande utdanningsprogram

Vidaregåande opplæring inneheld no i alt fem studieførebuande utdanningsprogram, der studiespesialisering med formgjeving er erstatta av kunst, design og arkitektur. Medium og kommunikasjon er blitt studieførebuande i tillegg til idrettsfag musikk, dans og drama. Nasjonalt har det knytt seg spenning til om synleggjering av kunst- og designfaga gjennom eige utdanningsprogram ville føre til auka søking. Det ser ikkje ut til å vere tilfelle. Dei studieførebuande utdanningsprogramma samla har 47,5 % av primærsøkjarane, mot 47,0 % i fjor.

#### Konsekvensar av søkinga

Resultatet av søkinga per 2. mars gir utfordringar i høve tilbodet som er lyst ut. På grunnlag av forventa søkjartal var det lyst ut 85 grupper på vg1 nivå, med i alt 1526 plassar. Søkjartala synte 1610 søkjarar. Denne differansen skuldast at vi reelt har om lag 30 fleire søkjarar til vg1 i år enn i fjor, samtidig som fylkesrådmannen hadde forventa ein nedgang i søkinga til vg1. Denne forventa nedgangen var grunnlag for at ein i haust fann det forsvarleg å lyse ut tilbodet med ei ramme på 215 grupper, mot 226 grupper sett i gang skuleåret 2015-16.

For å kome søkinga i møte har fylkesrådmannen i framlegget til justering av opplæringstilbodet lagt inn seks grupper ekstra på vg1. Desse gruppene utgjør om lag 100 plassar. Dette har delvis vore mogeleg gjennom å ta ned grupper med svak søking, dei fleste på vg2-nivå. Arbeidet med prøveinntaka har likevel synt at det ikkje vil vere mogeleg å gje alle søkjarane med ungdomsrett eit tilbod innanfor den utlyste ramma. Fylkesrådmannen gjer framlegg om 219 grupper, som er fire grupper over utlyst tilbod, Den fjerde gruppa er ikkje er plassert. Erfaringa tilseier at ein i inntaksarbeidet vil sjå kvar best kan nyttast.

Framlegget i saka viser ei samla oppfylling på alle tre nivå på 95%, 97% på vg1 og 94% på vg2 og vg3. Til samanlikning var det 98% oppfylling på vg1 ved første inntak til skuleåret 2015-16 90% på vg2 og 91% på vg3.

Resultatet av søkinga per 2. mars gir også i år nokre utfordringar i høve fylkestinget sitt vedtak om oppfyllingsgrad og minimumssøkjartal. Fylkesrådmannen si tolking av vedtaket er at søkjartala, slik dei kjem til uttrykk gjennom 1. prøveinntak, er grunnlag for vurdering av om krava er oppfylte.

Desse tilboda har lågare søking og oppfylling etter 1. prøveinntak enn minimumstala i fylkestingsvedtaket:

- Vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule (gjeld gruppe 2)
- Vg2 helsearbeidarfag ved Dale vidaregåande skule
- Vg2 maritim produksjonsteknikk ved Dale vidaregåande skule
- Vg2 byggtknikk ved Måløy vidaregåande skule
- Vg2 kokk og servitør ved Sogndal vidaregåande skule

#### Særskilte tilbod

Søkinga til «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar» syner per 3.3. 2016 i alt 27 søkjarar til vg1. Det er 14 (10) til fotball ved Sogndal vidaregåande skule, 9 (14) til volleyball ved Hafstad vidaregåande skule og 4 (1) til ski ved Stryn vidaregåande skule (søkjartal for 2015-2016) i parentes.

Endringane i inntaksforskrifta til vidaregåande opplæring (§6-11) førte med seg at Sogn og Fjordane måtte endre den lokale forskrifta, då denne opna for inntak på grunnlag av prestasjonar på alle tre nivå i utdanningsløpet. Det er ikkje i samsvar med §6-11 i sentral forskrift, der det berre er høve til å ha ferdigheitsprøve til vg1, og berre til vg1 idrettsfag. Som konsekvens av denne endringa får søkjarar ikkje lenger tilleggspoeng.

Etter søknadsfristen vert alle søknadene med tilleggsskjema sende til Sogn og Fjordane idrettskrins. Idrettskrinsen prioriterer søkjarane etter gjeldande retningsliner. Hovudregelen er inntil 5 per årssteg per idrett, men med høve til å vere meir fleksibel m.o.t. årssteg innanfor ramma av maksimalt 15 per idrett.

Til ordninga « Potensielle toppidrettsutøvarar», som gjeld for andre idrettar enn dei som inngår i «Spissa idrettstilbod», er det 15 (13) søkjarar til vg1, fordelt på idrettane: friidrett, langrenn, alpint, handball, vektløfting og riding. Søkjarane søker til ulike utdanningsprogram og skular i fylket.

Det er i alt 26 (22 -31) søkjarar med ungdomsrett til Austrheim vidaregåande skule gjennom Hordalandsavtalen, 13 (6-20) av desse til vg1. Søkjartal for 2014-2015 og 2015-2016 står i parentes, og dei viser at det særleg til vg1 har vore stor variasjon dei siste tre åra.

Gulen har 34 og Solund har 10 avgangselevar frå grunnskulen våren 2016. 13 av avgangselevane frå Gulen har søkt seg til vg1 ved Austrheim vidaregåande skule, medan ingen frå Solund har søkt dit. Til saman 13 av avgangselevane frå Gulen og Solund har søkt til våre vidaregåande skular, to av desse til Dale vidaregåande skule.

Det er ein søkjar frå Aurland med postnummer Gudvangen som har søkt på vidaregåande skule på Voss.

Fylkestinget vedtok i FT-sak 46/14 å lyse ut International Baccalaureate (IB), i samarbeid mellom UWC RCN og Dale vidaregåande skule, som eit prøveprosjekt over tre år. Inneverande skuleår er det tre elevar i vg2 som alle har søkt til vg3. Det er to primærsøkjarar til vg2, og totalt 10 søkjarar. UWC har overteke søkjarlista og handterer søkjarane etter inntakskriteria for IB.

## **5. OPPLÆRINGSKONTORA OG FAGOPPLÆRINGSNEMNDA**

Seks opplæringskontor har sendt innspel til justering av opplæringstilbodet som grunnlag for fagopplæringsnemnda si handsaming. Innspela er kort summerte opp her, og følgjer som vedlegg 2 i saka.

### Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri (PRO)

- Er bekymra over nedgangen i søkinga til vg1 teknikk og industriell produksjon og vg2 industriteknologi, og vil intensivere rekrutteringsarbeidet.
- Ser det som viktig at tal grupper vert oppretthalde, då fleire fag rekrutterer gjennom kryssløp.
- Meiner gruppetalet i vg2 industriteknologi bør aukast med ei gruppe ved Mo og Øyrane vidaregåande skule av omsyn til behov for lærlingar og framtidige fagarbeidarar.
- Ser det som positivt at det er god søking til vg2 industriell møbelproduksjon.

- Meiner fylkeskommunen bør opprette vg2 kjemiprosess ved Flora eller Mo og Øyrane vidaregåande skule.

#### Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene

- Poengterer at det er behov for tre grupper vg2 anleggsteknikk, det er stor søking og alle får læreplass.

#### Opplæringskontoret for Bygg- og anleggsteknikk (BYGGOPP)

- Syner til at alle elvane i deira fag over lang tid har fått læreplass
- Meiner at det er stort behov for lærlingar innanfor alle dei tre programområda i utdanningsprogramma byggteknikk, anleggsteknikk og klima, energi og miljøteknikk.
- Syner til at elektrofagbransjen ikkje har rom for kapasitetsauke, og håpar at dei som ikkje får skuleplass der får tilbod i bygg- og anleggsteknikk.
- Viser til at dei jobbar hardt med rekruttering, men at dei framleis ikkje er heilt i mål. Auken i søknader til vg1 ser dei som starten på å få fleire til å søkje deira fag.
- Opplyser at frå hausten 2016 vil ingeniørstudiet i bygg- og anlegg Y-vegen vere eit tilbod.

#### Byggmesterforbundet i Sogn og Fjordane

- Ynskjer at det vert starta opp ekstra klassar i bygg- og anleggsteknikk i fylket.
- Er av den meining at i Nordfjordregionen må gruppetalet oppretthaldast på vg1 og vg2 nivå.
- Meiner at det er svært viktig at vg2 byggteknikk vert sett i gang ved Måløy vidaregåande skule sjølv om søkjartalet er under 8.
- Peikar på at prosjektet med vekslingsmodellen mellom skule og næringsliv i Stryn er avhengig av at det ikkje vert gjort endringar i tal grupper ved Stryn vidaregåande skule.

#### Nordfjord opplæringskontor

- Argumenterer for at vg2 helsefagarbeidar ved Stryn vidaregåande skule må setjast i gang. Helsebransjen står overfor eit generasjonsskifte, og behovet for helsefagarbeidarar vil vere stor i åra som kjem.

#### Opplæringskontoret for elektrofag

- Syner til at nivået på vg2 elenergi tidlegare var fem grupper, men vart auka til sju i samband med justeringa i 2014.
- Meiner at kapasiteten på vg2 elenergi bør vere stabilt på seks grupper.

Fagopplæringsnemnda drøfta justeringar i opplæringstilbodet i møte 10.3.2016, saksframstilling og møtebok er vedlegg 3. Nemnda gjorde slikt vedtak:

#### Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17:

- *Ved dimensjonering av tilbodet innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar i dei ulike faga. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskjer. Elevane som skal ut i lære må i større grad ha mobilitet i høve læreplass. Lærlingane må vere villege til å flytte på seg.*

#### Bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag

- *Tilbodet og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng.*
- *I elektrofag er det tydelege signal på at tal grupper ikkje må vere høgare enn i dag. Innan teknikk og industriell produksjon er det neppe grunnlag for å auke tal grupper vesentleg. Ut frå søkjartala kan det likevel vere behov for å auke med 1 -1,5 grupper. I dette faget er signala ikkje like tydelege som i bygg og elektro. Innan bygg og anleggsteknikk er det klare signal frå bransjen og opplæringskontora at tal grupper kan aukast.*
- *Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søknaden til bygg og anlegg i Sogn og indre Sunnfjord. I Nordfjord og Florø er derimot søknaden dårlegare. Det er viktig at bransjen, opplæringskontora og skulane har dei låge søkjartala med seg i vidare arbeidet mot elevane.*

#### Maritime fag

- *Det er svært god søknad til dei maritime faga. Denne har auka frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen er likevel tydelege på at det ikkje er auka tilgang på læreplassar. Gruppetalet og dimensjoneringa bør difor vere som i dag.*

#### Helse og oppvekstfag

- *Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søknaden til helse og oppvekstfag. Fagopplæringsnemnda er glade for dei høge søkjartala sett i høve til tidlegare år. Tilbakemeldinga frå opplæringskontoret er likevel at det ikkje er tilgang på læreplassar på stader som elevane ynskjer å seg til. I nokre utkantkommunar er det ledige læreplassar, men dette er plassar som elevane ikkje søker til. Ute i kommunane er aukande behov for faglært arbeidskraft som kan arbeide både i oppvekst- og omsorgsyrka. Fleire kommunar i fylket tek diverre inn alt for få lærlingar. Kommunane må bli flinkare til å ta inn lærlingar. På bakgrunn av tilgangen på læreplassar bør tal grupper vere som i dag. Fagopplæringsnemnda ber Helse Førde om å ta inn helsefagarbeidarlærlingar.*

### Fylkesdekkande tilbod

- *Fagopplæringsnemnda har merka seg søkjartala til prosess og kjemifag og frisørfag kunna vore betre. Desse tilboda er fylkesdekkande og har god tilgang på læreplassar. Desse tilboda må difor settast i gang. Innan maritim produksjonsteknikk er låge søkjartal. Tal læreplassar har også gått ned sett i høve til tidlegare lovnadar for bransjen. På bakgrunn av søkjartala og tilgangen på læreplassar er det ikkje grunnlag for sette i gang dette faget.*

## **6. FYLKESRÅDMANNEN SINE VURDERINGAR OG TILRÅDING**

Fylkesrådmannen har i sitt arbeid vurdert innspela frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontora og lagt til grunn fagopplæringsnemnda sitt vedtak.

### **6.1. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

I saka om opplæringstilbodet i haust gjorde fylkesdirektøren greie for korleis den økonomiske ramma påverka dimensjoneringa, der ein i større grad la forventta søkjarmasse til grunn og i tillegg reduserte plasstalsbufferen for omval.

I oppsummeringa skreiv fylkesdirektøren m.a. at «*framlegget er stramt og at det er lagt til grunn forventta søkjargrunnlag på alle nivå. Med unntak av dei tilboda som ikkje vert lyst ut kan alle andre endringar tilpassast søkjartala i arbeidet med justeringssak til våren.*»

Som gjort greie for innleiingsvis syner resultatet av søkinga per 2. mars 2016 ei vesentleg større søking til vg1 enn forventta. Fylkesdirektøren la tal elevar med ungdomsrett tekne inn til vg1 hausten 2015 til grunn for dimensjoneringa for skuleåret 2016-17. Fylkesdirektøren gjorde også greie for at ein la til grunn 1536 plassar på vg1 nivå i tilbodet som vart lyst ut, medan søkjartala per 2.3.16 syner 1610 søkjarar med ungdomsrett til vg1.

For å kunne gje tilbod til alle søkjarane med ungdomsrett har fylkesrådmannen auka kapasiteten på vg1 med netto 5 grupper, med omlag 80 plassar.

Fylkesrådmannen syner til at berre eitt av dei fylkesdekkande tilboda, maritim produksjonsteknikk, etter første prøveinntak har søking under fylkestinget sitt minstekrav til søking. Det er svært gledeleg at alle andre fylkesdekkande tilbod har tilstrekkeleg søking.

Det er gjennomført i alt åtte prøveinntak som grunnlag for fylkesrådmannen si tilråding til endringar i høve utlyst tilbod.

Fylkesrådmannen tek utgangspunkt i dei aktuelle utdanningsprogramma og programområda for å belyse problemstillingane og drøfte dei vala som er gjort.

### **6.2. Fylkesrådmannen sitt framlegg til endringar**

Fylkesrådmannen tek i vurderingane utgangspunkt i både premissane for arbeidet som omtala innleiingsvis, og i skulane, opplæringskontora og fagopplæringsnemnda sine innspel. I samsvar med fagopplæringsnemnda si tilråding har Fylkesrådmannen gjort ei felles vurdering av dimensjoneringa av dei tre yrkesfaglege utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk, elektrofag og teknikk og industriell produksjon.

Elektrobransjen sitt innspel er at det innanfor vg2 elenergi ikkje er rom for å auke kapasiteten i skule dersom målet er læreplass i bedrift (seks grupper samsvarer med tal læreplassar). Inneverande år er det sju grupper vg2 elenergi. Opplæringskontoret for elektrofag har opplyst at det truleg er åtte søkjarar til opplæring i bedrift elektrikarfaget og energimontørfaget og energioperatørfaget inneverande år som må få tilbod om vg3 i skule. I tillegg er læreplasztilgangen i dataelektronikarfaget usikker.

Etter møte i fagopplæringsnemnda spelte bransjen inn at det er behov for 11-12 grupper på vg1 for å rekruttere til alle programområda i utdanningsprogrammet. Fylkesrådmannen ser innspelet i samanheng med den samla formidlinga i utdanningsprogrammet og det samla behovet for plassar på vg1.

Det er mangel på søkjarar til ledige læreplassar i bygg- og anleggsbransjen, og bransjane melder om stort behov for rekruttering.

Det store utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, (utlyst 14 grupper med 175 elevplassar) rekrutterer til ei mengde ulike lærefag og dei siste åra har det ikkje vore tilstrekkeleg tal læreplassar tilpassa tilbodet på vg2. Lærefaga i køyretøy, matros og motormannfaget og industrimekanikar er fagområde der det har vore underdekning i høve søkinga. I kjemiprosessfaget er det mangel på søkjarar til dei ledige læreplassane. Det har vore stort engasjement omkring problemstillinga knytt til behovet for fleire læreplassar, både i bransjen, gjennom opplæringskontoret, fagopplæringsnemnda og hjå fylkesdirektøren. Det har i tillegg vore jobba for å endre søkjarmønsteret i retning av bygg- og anleggsbransjen, der det i deler av bransjen er langt fleire læreplassar enn søkjarar. Det er kanskje dette arbeidet ein no ser resultat av, når primærsøkinga til

teknikk og industriell produksjon går ned og samtidig går svakt opp til bygg- og anleggsteknikk.

Næringslivet i Sogn og Fjordane sine vurderingar av lærling- og arbeidskraftbehovet vil få konsekvensar for søkjarane til desse tre utdanningsprogramma. Det er framleis slik at elektrofag og teknikk og industriell produksjon har større søking enn bygg- og anleggsteknikk. Dersom ein ynskjer at flest mogeleg skal ha høve til å fullføre ei yrkesfagleg opplæring gjennom å få ein lærekontrakt/opplæringskontrakt, betyr det truleg at fleire må få inntak på utdanningsprogram på lågare ønske.

Endringa i §6A-9 i forskrifta til opplæringslova frå 2014 gir ein rett for rettssøklarar til alternativ opplæring i skule, dvs. vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift. Primært ynskjer alle bransjar at opplæringa vert gjennomført som to år i skule og to år i bedrift.

Fagopplæringsnemnda sitt innspel om at elevane som skal ut i lære i større grad må ha mobilitet i høve lære plass, og at lærlingane må vere villege til å flytte på seg, er ei utfordring som både heim, skule og arbeids- og næringsliv må arbeide med. For dei vidaregåande skulane sin del ser fylkesrådmannen at skulane si rolle i å gje relevant informasjon, også om programområde og lærefag dei ikkje sjølv har tilbod om eller kompetanse i, må intensiverast.

Sidan elevar har rett til eitt vg2-tilbod som byggjer på det vg1-kurset dei har, vil nedbygging av kapasiteten i ein bransje som regel måtte starte på vg1, dersom ikkje låg søking til vg2 gjer det naturleg å ta ned kapasiteten.

Alle presenterte tal for søking og over/underkapasitet er frå resultatet av 1. prøveinntak.

Tabell 3 under summerer opp konsekvensane av dei samla justeringane som er tilrådde på vg1 i dei tre omtala utdanningsprogramma.

Ved å auke vg1 elektrofag med ei gruppe og vg1 bygg- og anleggsteknikk med 2 grupper er talet søkjarar utan tilbod samla redusert frå 70 til 30. Det er framleis ingen ledige plassar i elektrofag eller teknikk og industriell produksjon. Samla har desse tre utdanningsprogramma 480 plassar på vg1, så ei underdekning på 14 plassar er akseptabelt på dette tidspunktet.

Vg1	1. prøveinntak			8. prøveinntak		
	tal grupper	utan tilbod	ledige plassar	tal grupper	utan tilbod	ledige plassar
Elektrofag	9	19	0	10	10	0
Teknikk og industriell produksjon	14	28	0	14	13	0
Bygg- og anleggsteknikk	12	23	9	14	7	12
<b>SUM</b>	<b>35</b>	<b>70</b>	<b>9</b>	<b>38</b>	<b>30</b>	<b>12</b>

### Elektrofag

På vg1 har ein redusert tal grupper i det utlyste tilbodet med bakgrunn i at ein ikkje har hatt lære plassar nok og inneverande år har vg3 tilbod i skule. Fylkesrådmannen har vurdert det siste innspelet frå opplæringskontoret for elektrofag, der signala no går i retning av at det må vere nok lære plassar på vg1 til dei plassane ein har på vg2. I vg2 elenergi er bransjen veldig tydeleg på at seks grupper er rett dimensjonering. Til vg2 data- og elektronikk har det vore svak søking og frå vg3 dataelektronikarfaget har vore både svak søkinga og formidling til lære plass. Det er fleire opplæringskontor som rekrutterer lærlingar frå vg3 dataelektronikarfaget og signala er ulike m.o.t framtidig læreplasstilgang. Fylkesrådmannen si samla vurdering er at det vil vere rom for å auke kapasiteten frå 9 til 10 grupper på vg1, og gjer framlegg om å leggje ei ekstra gruppe til Mo og Øyrane vidaregåande skule.

I elektrofag var det var samla 11 søkjarar med ungdomsrett utan tilbod på vg2. Konsekvensen av dette er at ein må auke opp ei gruppe på vg2 for at alle søkjarane skal få fullført løpet sitt.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Auke vg1 elektrofag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule frå 2 til 3 grupper.
- Auke vg2 elenergi med ei gruppe ved Sogndal vidaregåande skule, frå 1 til 2 grupper.

### Teknikk og industriell produksjon

Til vg1 teknikk og industriell produksjon er det 15 primærsøkjarar færre enn i fjor. Det er 176 søkjarar til 180 utlyste plassar. Fylkesrådmannen vil nemne at primærsøkinga til dette utdanningsprogrammet har gått ned med 30 søkjarar i løpet av to år. Det stod att 28 søkjarar utan tilbod etter 1. prøveinntak

På vg2-nivå var også utfordringa at det stod att netto 21 søkjarar utan tilbod etter 1. prøveinntak. Måløy vidaregåande skule har flest søkjarar utan tilbod, noko som skuldast oversøking til vg2 maritime fag. Det er ikkje læreplasskapasitet til å auke gruppetalet. Prøveinntaket synte at gjennom å leggje vg2 industriteknologi til Mo og Øyrane vidaregåande skule vart tal søkjarar utan tilbod redusert til netto 7.

Ved Dale vidaregåande skule var det 1 primærseekjar og 3 seekjarar totalt til den halve gruppa vg2 maritim produksjonsteknikk. Då det no syner seg vanskeleg med læreplassar for dei elevane som går ut vg2 våren 2016, finn fylkesrådmannen ikkje å kunne rå til at vg2 maritim produksjonsteknikk vert sett i gang. Elevane frå vg2 maritim produksjonsteknikk er direkte kvalifiserte berre til lærefaget maritim innreiing. Vg2 maritim produksjonsteknikk og vg3 maritim innreiing er eit forsøk, og det er synd at det ikkje er seekjargrunnlag eller læreplassstilgang til å gjennomføre forsøksperioden. Fylkesrådmannen syner også til fagopplæringsnemnda sitt vedtak. Fylkesrådmannen sitt framlegg er at vg2 industriteknologi vert auka til ei heil gruppe, slik som før forsøket kom i gang.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Auke vg2 industriteknolog ved Mo og Øyrane vidaregåande skule frå 1 til 2 grupper.
- Vg2 maritim produksjonsteknikk ved Dale vidaregåande skule vert ikkje tilrådd sett i gang.
- Auke vg2 industriteknologi ved Dale vidaregåande skule frå 0,5 til 1 gruppe.

#### Bygg- og anleggsteknikk

Som det er gjort greie for i del 7.2, er det god læreplassstilgang og arbeidskraftbehov i bygg- og anleggsfaga. Det er 111 primærseekjarar til 172 utlyste plassar på vg1 bygg- og anleggsteknikk. Som nemnt har fleire seekjarar med andre utdanningsprogram som førsteval, bygg- og anleggsteknikk som eitt av tre valde utdanningsprogram.

For både å komme bransjane i møte i høve vurderingane av læreplassstilgangen, og samtidig å gje seekjarane skuletilbod i yrkesfag der det no er godt høve til å fullføre heile utdanningsløpet, tilrår ein å auke kapasiteten i vg1 byggfag med netto to grupper, frå 12 til 14 grupper totalt i fylket.

Ved Sogndal vidaregåande skule og Mo og Øyrane vidaregåande skule stod det samla att flest seekjarar utan tilbod (primærseeking til teknikk og industriell produksjon og elektrofag). Fylkesrådmannen rår difor til at vg2 bygg- og anleggsteknikk vert auka ved desse skulane, for best å utnytte kapasitetsauken

Ved Stryn vidaregåande skule synte seekjartala etter 1. prøveinntak 18 inntekne til 2 grupper. Det vil seie at gruppe to har 6 inntekne og 8 ledige plassar. Som skulen argumenterer med i sitt innspel er bygg- og anleggsteknikk ved skulen inne i eit forsøksprosjekt med vekslingsmodell mellom skule og næringsliv. Fylkesrådmannen har vurdert søkinga ut frå dei premissane, men med den pressa økonomiske ramma finn ein ikkje å kunne rå til bruk av to grupperessursar på vg1 nivå til 18 seekjarar.

På vg2 nivå er det stort sett god søking. Det er stor oversøking til vg2 anleggsteknikk, samla 57 primærseekjarar til 24 plassar (20 til Sogndal vidaregåande skule og 37 til Mo og Øyrane vidaregåande skule).

I tråd med Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene sitt innspel rår fylkesrådmannen til at vg2 anleggsteknikk vert auka frå 2 til 3 grupper. På grunnlag av søkinga rår fylkesrådmannen til at den tredje gruppa vert lagt til Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Søkinga til vg2 klima, energi og miljøteknikk har i fleire år vore svak. I år er det til saman 9 primærseekjarar med ungdomsrett til dei utlyste tilboda ved Flora og Sogndal vidaregåande skular. 1. prøveinntak synte 10 inntekne i Flora og 8 i Sogndal. Ut frå fylkestinget sitt vedtak om minimumssøking er det tilstrekkeleg tal seekjarar til å setje i gang begge gruppene. Ut frå den økonomiske ramma og presset på gruppetalet vil fylkesrådmannen likevel rå til at berre ei av gruppene vert sett i gang. På grunnlag av seekjartala rår difor fylkesrådmannen til at vg2 klima, energi og miljøteknikk ved Sogndal vidaregåande skule ikkje vert sett i gang.

Til vg2 byggtknikk ved Måløy vidaregåande skule synte 1. prøveinntak 6 primærseekjarar og 7 inntekne. Fylkesrådmannen rår difor til at tilbodet ikkje vert sett i gang. Dette er uheldig med omsyn til rekruttering til læreplassar lokalt. For å sikre rekruttering til desse bør skulane med tilbod i dette programområdet samarbeide for å imøtekome etterspurnaden i bransjen. Fylkesrådmannen vil undersøkje om det kan vere mogleg å kople seekjarane til vg2 byggtknikk i Måløy på vekslingsmodellen ved Stryn vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Auke vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Sogndal vidaregåande skule frå 3 til 5 grupper.
- Auke vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule frå 4 til 5 grupper.
- Redusere vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule, frå 2 til 1 gruppe.
- Auke vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule frå 1 til 2 grupper.
- Vg2 klima-, energi og miljøteknikk ved Sogndal vidaregåande skule vert tilrådd ikkje sett i gang.
- vg2 byggtknikk ved Måløy vidaregåande vert ikkje tilrådd sett i gang.

#### Helse- og oppvekstfag

Det er auke i primærseekinga til vg1 helse og oppvekstfag, med 191 primærseekjarar til 166 utlyste plassar (mot 176 i fjor). På grunnlag av den informasjonen fagopplæringsnemnda har fått rår nemnda til at ein likevel ikkje aukar kapasiteten i utdanningsprogrammet, på tross av behovet for helsefagarbeidarar. Det er kommunane som i stor grad rår over læreplassane, men dei tek inn for få lærlingar. Fylkesrådmannen rår difor ikkje til at kapasiteten på vg1 vert auka, men at ein held på 10 grupper.

Første prøveinntak syntet at det var ved Sogndal vidaregåande skule det stod att flest utan tilbod. Fylkesrådmannen har vurdert søkinga til helse- og oppvekstfag, restaurant- og matfag og service og samferdsel i lag og syner til avsnitt om service og samferdsel.

Til vg2 helsearbeidarfag er det ved Dale vidaregåande skule 1 primærsøkjar og 6 inntekne. Skulen har truleg rett i si vurdering når dei peikar på at mange søker seg til dei andre programområda i utdanningsprogrammet, og at tilbodet ved skulen er smalt. Denne problemstillinga gjeld diverre også for andre utdanningsprogram og ved fleire skular. På grunnlag av søkinga rår fylkesrådmannen til at vg2 helsearbeidarfag ved Dale vidaregåande skule ikkje vert sett i gang.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Vg2 helsearbeidarfag ved Dale vidaregåande skule vert ikkje tilrådd sett i gang.

#### Service og samferdsel

Til utdanningsprogrammet service og samferdsel er det ein nedgang i søkinga til vg1, med 57 primærsøkjarar med ungdomsrett til 87 utlyste plassar (mot 78 primærsøkjarar til inneverande skuleår).

Fylkesrådmannen ser at mange primærsøkjarar til helse- og oppvekstfag har service og samferdsel som lågare ønske. Ut frå erfaringane med at læreplasstilgangen innanfor helse- og oppvekstfaga ikkje er tilstrekkeleg har fylkesrådmannen valt å auke kapasiteten på vg1 service og samferdsel. I Sogn er det sett i gang to prosjekt «Fagbrev på arbeidsplassen». Resultatet er at det vert fleire med fagbrev i dette faget og fleire butikkar som kan ta inn lærlingar.

Vg2 transport og logistikk vart lyst ut med 2 grupper. Det var til saman 18 primærsøkjarar med ungdomsrett. Det er teke inn 30 søkjarar, og per i dag er det 2 utan tilbod.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Auke vg1 service og samferdsel ved Sogndal vidaregåande skule frå 1 til 2 grupper.

#### Restaurant- og matfag

Til vg1 i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag er det på vg1 34 primærsøkjarar til 51 utlyste plassar. Dette er som i fjor.

Til vg2 kokk- og servitør ved Sogndal vidaregåande skule er det 3 primærsøkjarar og 6 inntekne.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- vg2 kokk- og servitør ved Sogndal vidaregåande skule vert ikkje tilrådd sett i gang.

#### Studiespesialisering

Til vg1 studiespesialisering gjekk søkinga frå skuleåret 2014-15 til 2015-16 ned med om lag 90 søkjarar. I år er det ein liten oppgang igjen, med 21 fleire søkjarar enn i fjor. Det vart lyst ut alt 18 grupper, og det er 556 primærsøkjarar med ungdomsrett.

Som gjort greie for i saka om opplæringstilbodet i haust er no utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon studieførebuande, med den konsekvensen at plasstalet er 30 i gruppene. Studiespesialisering med formgjeving er erstatta av eit eige utdanningsprogram: kunst, design og arkitektur, framleis med 30 plassar i gruppa. På grunnlag av desse endringane, og forventa søking til Hafstad vidaregåande skule, vart utdanningsprogrammet studiespesialisering lyst ut med 3 grupper på skulen, det vil seie ein reduksjon på ei gruppe.

Første prøveinntak syntet 17 primærsøkjarar til vg1 kunst, design og arkitektur, 16 til vg1 medium og kommunikasjon og 131 til vg1 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule. For alle tre gruppene vart det inntekne fulle grupper.

Grunna oversøking til vg1 studieførebuande utdanningsprogram tilrår fylkesrådmannen å auke opp til 4 grupper vg1 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule. Konsekvensen av dette er at vg1 tilbodet i kunst, design og arkitektur får 22 inntekne til 30 plassar. Samstundes er det 14 søkjarar utan tilbod til 17 ledige plassar i studieførebuande utdanningsprogram i fylket.

Fylkesrådmannen har gjennom ulike prøveinntak sett på konsekvensane av å auke vg1 studiespesialisering anten ved Hafstad vidaregåande skule eller ved Firda vidaregåande skule. Ved å leggje ei ekstra gruppe vg1 studiespesialisering til Firda vidaregåande skule ville ein ikkje stette kravet til minimumsoppfylling på 20 inntekne til grupper med 30 plassar.

Til vg2 studiespesialisering syntet første prøveinntak i alt 47 ledige plassar i fylket, fordelt på dei fleste av skulane. Skulen med flest ledige plassar var Hafstad vidaregåande skule med 11.

For å redusere den ledige kapasiteten og å utnytte grupperessursane best mogeleg rår fylkesrådmannen til at vg2 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule vert redusert frå 4 til 3 grupper. Det betyr at ikkje alle primærsøklarane til vg2 studiespesialisering får plass ved skulen, men det er ledige plassar ved dei andre skulane i fylket.

Skulen argumenterer i sitt innspel til femte prøveinntak at breidda i programfag skulen kan tilby vil bli mindre ved slik reduksjon.

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg:

- Auke vg1 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule frå 3 til 4 grupper.
- Redusere vg2 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule frå 4 til 3 grupper

#### Vg3 påbygging til studiekompetanse etter yrkeskompetanse og vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Eit eige tilbod om påbygging til generell studiekompetanse for søkjarar som har bestått fag eller yrkeskompetanse vart lyst ut ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Det er om lag 20 søkjarar som allereie har bestått fag- eller yrkeskompetanse. I tillegg er det 15 søkjarar som avsluttar læretida si i perioden frå 1.7. til 15.8. Desse kan få tilbod dersom det framleis er kapasitet. Fristen for å ha rett til plass skuleåret 2016-17 er bestått yrkeskompetanse seinast 1.7. Søkjarar som ikkje får plass skuleåret 2016-17 vi ha rett på tilbod ved seinare søking. Fylkesrådmannen vil sende informasjon til dei søkjarane som avsluttar læretida etter 1. juli.

Søkjartala frå vg2 yrkesfag til vg3 påbygging til studiekompetanse for søkjarar med ungdomsrett er redusert frå 190 i fjor til 146 primærsøklarar i år. Det er i alt 120 plassar. Alle dei utlyste gruppene har søkjartal over minimumsgrensene, og det er til saman 9 ledige plassar etter prøveinntaka. Av erfaring veit ein at i denne søkjargruppa skjer det endringar fram til skulestart, då ikkje alle inntekne kjem til å starte, og alle søkjarane kjem truleg til å få tilbod om plass.

Fylkesrådmannen har ikkje framlegg om endringar.

I utdanningsprogramma design og handverk, kunst, design og arkitektur, naturbruk, idrettsfag, musikk, dans og drama har fylkesrådmannen ingen framlegg til justeringar i utlyst tilbod. Det er ingen framlegg til justeringar på vg3 nivå i nokon utdanningsprogram.

### **6.3. Inntekne og kapasitet**

Etter sjuande prøveinntak, (som er grunnlaget for Fylkesrådmannen si tilråding) er situasjonen at 3974 av 4029 søkjarar med ungdomsrett har fått plass, dvs. 98,6% av søkjarane. Det er 210 søkjarar utan tilbod og 205 ledige plassar.

Som tidlegare år gjer ein merksam på at prøveinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli er på grunnlag av standpunkt- og eksamenskarakterane.

Til vg1 er det 65 søkjarar med ungdomsrett utan tilbod og 46 ledige plassar. På vg2 er det 75 søkjarar med ungdomsrett utan tilbod og 96 ledige plassar. På vg3 er tilsvarande tal 62 og 59. Differansen mellom søkjarar utan tilbod og ledige plassar tilseier at det er på vg1 nivå ein bør tilføre ein ekstra grupperessurs. Per no er det ikkje mogeleg å sjå kor ein kan plassere ei ekstra gruppe slik at det gir effekt i form av tilbod til fleire søkjarar. Det er ingen skule eller utdanningsprogram som utmerker seg med nok søkjarar utan tilbod til å gje god utnytting av grupperessursen. Fylkesrådmannen ser difor behovet for å ha ei gruppe til disposisjon. Mest truleg vil ein først i forkant av andre inntak sjå kor behovet er størst, alternativt i samband med det prøveinntaket som vert køyrd som ekstra sikkerheit, før første inntak.

Tabell 4 syner plassar, inntekne, primærsøklarar utan plass og ledige plassar per nivå etter 8.prøveinntak

Nivåtekst	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
VG1/GRK	90	1 623	1 705	1 810	1 577	1 577	65	46	97%
VG2/VK1	88	1 534	1 529	1 438	1 438	1 438	75	96	94%
VG3/VK2	40	1 042	1 052	969	983	961	62	59	94%
	<b>218</b>	<b>4 199</b>	<b>4 286</b>	<b>4 015</b>	<b>3 998</b>	<b>3 976</b>	<b>202</b>	<b>201</b>	<b>95%</b>

Fylkesrådmannen ber om å få fullmakt til å disponere ei gruppe i samband med inntaka.

#### **6.4. Vurdering av konsekvensar for pedagogisk personale - prosjekt personal**

Den årlege justeringa av opplæringstilbodet vil alltid kunne ha personalmessige konsekvensar. Ein auke eller reduksjon i gruppetal vil påverke det lokale stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den ein skule. Fylkesrådmannen si tilråding til justert opplæringstilbod for skuleåret 2016-17 inneber ein netto auke på 3 grupper i høve utlyst tilbod. Tilrådinga er gjort på bakgrunn av elevsøknad og søkarmønster.

Dette vil samla sett ikkje setje så stort trykk på personalsituasjonen, den tilrådde dimensjonering er på same nivå som igangsatt tilbod skuleåret 2015-16. Likevel kan det få konsekvensar for tilsette innan nokre programområder. Eventuelt overtal vert handtert etter gjeldande prosedyre.

Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstilla sine stillingsplanar og ein vil få oversikt over eventuelt overtal. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege bilete.

#### **6.5. Utstys-, drifts- og arealbehov**

Det er varsla behov for 5 timar til ekstra programfag for kombinasjonen Vg3 naturbruk studieførebuande og vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. I tillegg er det varsla behov for to kontaktlærarressursar.

Det er meldt inn behov for ressursar, 10 timar pr trinn, til deling i programfag formgjevingsfag i vg1 og vg2 studiespesialisering- formgjevingsfag ved Hafstad vidaregåande skule.

I tillegg er det søkt om timar til deling av i programfag på vg2 formgjeving og til deling i programfag på alle nivå i medium og kommunikasjon.

#### **6.6. Vurdering av økonomiske konsekvensar**

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 27/15 å lyse ut 214 grupper for skuleåret 2016-17. I sak 67/15 vedtok fylkestinget at den samla grupperessursen vart auka med 1 gruppe. I punkt 2 i FT-vedtaket heiter det:

«Finansiering vert eventuelt å kome tilbake til i samband med justeringa av opplæringstilbodet våren 2016.» Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 var ut frå dette lyst ut med 215 grupper.»

I Fylkesrådmannen sitt framlegg til justering av opplæringstilbodet ligg ein netto auke på fire grupper i høve utlyst tilbod. Tre av gruppene er i framlegget fordelt på dei vidaregåande skulane, medan ei gruppe vert tilrådd stilt til disposisjon i samband med inntaket.

Samla ligg gruppetalet i framlegget til justert tilbod med dette fem grupper over den økonomiske ramma. Kostnaden ved auken i gruppetalet kan reknast til om lag 3,185 mill. kr for hausten 2016 og 3,815 mill. kr for våren 2017.

I sak 68/15 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 vedtok fylkestinget m.a. at budsjettramma for opplæringssektoren i 2016 vart auka med 3 mill. kr og at hovudutval for opplæring fekk fullmakt til å fordele desse midlane. Vidare vedtok fylkestinget at for 2017-2019 skal auke i ramma til opplæring vurderast med basis i behovet for å sikre kvalitet og breidde i opplæringstilbodet. I notat til HO i møtet 23.02.16 bad fylkesrådmannen hovudutval for opplæring om ei presisering av korleis den auka budsjettløyvinga var tenkt brukt. I notatet viste fylkesrådmannen til utfordringane med dimensjonering av opplæringstilbodet for komande skuleår, og rådde hovudutvalet til å ta endeleg stilling til disponering av den auka løyvinga etter at saka om justering av opplæringstilbodet var handsama.

Fylkesrådmannen rår til at budsjettauken på 3,0 mill. kr i 2016 vert nytta til å finansiere auka gruppetal hausten 2016. Fylkesrådmannen legg til grunn at også meirkostnaden på 0,185 mill. kr kan finansierast innan den økonomiske ramma for opplæringstilbodet. Ein slik bruk av budsjettauken på 3,0 mill. kr medfører meirkostnad i 2017 som skissert over. Fylkesrådmannen legg til grunn at hovudutvalet ikkje har mynde til å gjere vedtak ut over den økonomiske ramma og at saka difor må til fylkestinget for slutthandsaming.

Fylkesrådmannen rår vidare til at finansiering av gruppetalet våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.

## **7. FYLKESRÅDMANNEN SI SAMLA TILRÅDING**

Fylkesrådmannen sitt samla framlegg til justeringar går fram av tabell 5:

<b>Samla framlegg til justeringar</b>						
<b>Skule</b>	<b>Nivå</b>	<b>Utdanningsprogram</b>	<b>Programområde</b>	<b>Auke</b>	<b>Reduksjon</b>	<b>Sum endring</b>
Dale	vg2	helse- og oppvekstfag	Helsefagarbeidar		-1	-1
Dale	Vg2	teknikk og industriell produksjon	Industriteknologi	0,5		
Dale	Vg2	teknikk og industriell produksjon	Maritim produksjonsteknikk		-0,5	
Hafstad	vg1	studiespesialisering	Studiespesialisering	1		
Hafstad	vg2	studiespesialisering	Studiespesialisering		-1	-1
Mo og Øyrane	vg1	bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk	1		1
Mo og Øyrane	Vg1	elektrofag	Elektrofag	1		1
Mo og Øyrane	vg2	bygg- og anleggsteknikk	Anleggsteknikk	1		1
Mo og Øyrane	vg2	teknikk og industriell produksjon	Industriteknologi	1		
Måløy	vg2	bygg- og anleggsteknikk	Byggteknikk		-1	-1
Sogndal	vg1	bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk	2		2
Sogndal	vg1	service og samferdsel	Service og samferdsel	1		1
Sogndal	vg2	Elektrofag	Elenergi	1		1
Sogndal	vg2	bygg- og anleggsteknikk	Klima, energi og miljøteknikk		-1	-1
Sogndal	vg2	restaurant- og matfag	Kokk og servitør		-1	-1
Stryn	vg1	bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk		-1	-1
SUM				<b>9,5</b>	<b>-6,5</b>	<b>3</b>

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2015-16 gjorde Fylkesrådmannen også greie for si tolking av fylkestinget sitt vedtak om minimumssøking. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at det er søkjartala slik dei kjem til uttrykk gjennom første prøveinntak som er grunnlag for vurdering av om krava er oppfylte. Etter første prøveinntak er det heldigvis langt færre grupper enn i fjor med søking under minimumstala fastsette av fylkestinget, 6,5 grupper mot 14 i fjor. Berre ei av desse gruppene er på vg1-nivå. Behovet for auka kapasitet på vg1 nivå er soleis større enn det er grunnlag for å redusere på vg2-nivå.

Fylkesrådmannen ser ikkje at det er mogeleg å gje alle søkjarane med ungdomsrett eit tilbod innanfor tilboda som vart lyste ut.

I Fylkesrådmannen sitt framlegg ligg ei netto auke på fire grupper i høve utlyst tilbod. Tre av gruppene er i framlegget fordelt på dei vidaregåande skulane, medan ei gruppe vert tilrådd stilt til disposisjon for fylkesrådmannen i samband med inntaket.

## 8. Framlegg til tilbud ved kvar skule:

### 14001 Årdal vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
ELELE1	Elektrofag	1	12	15	13	12	12	0	0	100%
ELAUT2----	Automatisering	1	12	13	13	12	12	0	0	100%
ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1	12	12	11	12	12	0	0	100%
PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompete	1	30	18	16	30	30	1	0	100%
SSSSA1	Service og samferdsel	1	16	8	7	15	15	2	1	94%
SSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15	11	11	11	11	0	4	73%
STUSP1	Studiespesialisering	1	30	31	31	30	30	0	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	1	20	19	19	19	19	0	1	95%
STREA2----	Realfag	0	10	9	9	9	9	0	1	90%
STREA3----	Realfag	0	13	10	10	10	10	0	3	77%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	1	17	14	14	14	14	0	3	82%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	1	13	16	14	13	13	1	0	100%
TPPIN2----	Industri teknologi	1	12	14	14	12	12	4	0	100%
TPKJP2----	Kjemiprosess	1	12	7	7	10	10	0	2	83%
		<b>12</b>	<b>224</b>	<b>197</b>	<b>189</b>	<b>209</b>	<b>209</b>	<b>8</b>	<b>15</b>	<b>93%</b>

### 14004 Sogndal vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	5	62	38	31	57	57	0	5	92%
BABYG2----	Byggteknikk	1	12	14	13	12	12	2	0	100%
BAANL2----	Anleggsteknikk	1	12	20	15	12	12	3	0	100%
ELELE1	Elektrofag	2	28	48	48	28	28	4	0	100%
ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12	10	8	12	12	1	0	100%
ELELE2----	Elenergi	2	24	28	27	24	24	2	0	100%
ELDAT3H---	Dataelektronikerfaget,GRK		1	1	1	1	1	0	0	100%
ELDAT3----	Dataelektronikerfaget	2	23	22	22	22	22	0	1	96%
HSHSF1	Helse og oppvekst	2	32	57	54	29	29	3	3	91%
HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeide	1	14	12	10	14	14	1	0	100%
HSHEA2----	Helsearbeiderfag	2	30	27	26	30	30	0	0	100%
IDRET1	Idrettsfag	1	30	41	37	30	30	0	0	100%
IDIDR2----	Idrettsfag	1	30	32	31	30	30	0	0	100%
IDIDR3----	Idrettsfag	1	30	30	29	30	30	1	0	100%
MEMOK1	Medier og kommunikasjon	1	31	20	18	31	31	0	0	100%
MKMED2----	Medier og kommunikasjon	1	15	14	14	14	14	0	1	93%
MKMED3----	Studieforbered. medier og	1	15	13	13	14	14	0	1	93%
RMRMF1	Restaurant- og matfag	1	13	7	5	13	13	0	0	100%
SSSSA1	Service og samferdsel	2	30	12	12	25	25	0	5	83%
SSTRL2----	Transport og logistikk	1	15	9	8	15	15	1	0	100%
SSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15	14	13	13	13	0	2	87%
STUSP1	Studiespesialisering	3	81	80	79	81	81	2	0	100%
STREA2----	Realfag	2	49	42	41	43	43	0	6	88%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	2	59	55	53	56	56	0	3	95%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	2	57	58	55	57	57	0	0	100%
STREA3----	Realfag	2	51	50	49	51	51	0	0	100%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	2	24	42	41	24	24	2	0	100%
TPKJT2----	Kjøretøy	1	12	11	9	12	12	0	0	100%
		<b>44</b>	<b>807</b>	<b>807</b>	<b>762</b>	<b>780</b>	<b>780</b>	<b>22</b>	<b>27</b>	<b>97%</b>

## 14006 Høyanger vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
DHFRI2----	Frisor	1	12	4	4	8	8	0	4	67%
ELELE1	Elektrofag	1	14	18	17	14	14	1	0	100%
ELELE2----	Elenergi	1	12	13	12	12	12	1	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	1	32	29	29	31	31	0	1	97%
STREA2----	Realfag	0	6	6	6	6	6	0	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	1	24	24	24	24	24	0	0	100%
STREA3----	Realfag	0	13	9	9	9	9	0	4	69%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	1	17	13	13	13	13	0	4	76%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	1	12	11	10	12	12	0	0	100%
TPPIN2----	Industriteknologi	1	12	12	12	12	12	1	0	100%
		<b>8</b>	<b>154</b>	<b>139</b>	<b>136</b>	<b>141</b>	<b>141</b>	<b>3</b>	<b>13</b>	<b>92%</b>

## 14008 Dale vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
HSHSF1	Helse og oppvekst	1	16	17	14	16	16	1	0	100%
PBPBY3----	Påbygg, gen. studiekompet	1	30	6	4	23	23	0	7	77%
STUSP1	Studiespesialisering	1	31	34	34	31	31	1	0	100%
STREA2----	Realfag	0	14	13	13	14	14	0	0	100%
STUSP2Z---	International baccalaureate	0	3	2	2	2	2	0	1	67%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	1	16	15	15	16	16	1	0	100%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	1	17	15	15	17	17	0	0	100%
STUSP3Z---	International baccalaureate	0	3	3	3	3	3	0	0	100%
STREA3----	Realfag	0	13	12	12	13	13	0	0	100%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	1	17	17	16	17	17	0	0	100%
TPPIN2----	Industriteknologi	1	12	7	7	11	11	0	1	92%
		<b>7</b>	<b>172</b>	<b>141</b>	<b>135</b>	<b>163</b>	<b>163</b>	<b>3</b>	<b>9</b>	<b>95%</b>

## 14010 Hafstad videregående skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
KDKDA1	Kunst, design og arkitektur	1	30	18	17	22	22	0	8	73%
MEMOK1	Medier og kommunikasjon	1	32	16	16	30	30	0	2	94%
MKMED2----	Medier og kommunikasjon	1	15	14	14	14	14	0	1	93%
PBPBY3----	Påbygg, gen. studiekompet	1	30	48	43	30	30	12	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	4	122	131	131	122	122	1	0	100%
STREA2----	Realfag	2	55	44	42	55	55	1	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	1	35	65	65	35	35	8	0	100%
STFOR2----	Formgivingsfag	1	30	20	19	21	21	0	9	70%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	2	64	71	71	64	64	2	0	100%
STFOR3----	Formgivingsfag	1	30	24	24	24	24	0	6	80%
STREA3----	Realfag	2	56	56	56	56	56	1	0	100%
		<b>17</b>	<b>499</b>	<b>507</b>	<b>498</b>	<b>473</b>	<b>473</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>95%</b>

## 14012 Flora vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	2	24	12	10	18	18	0	6	75%
BABYG2----	Byggteknikk	1	12	11	11	12	12	0	0	100%
BAKEM2----	Klima-, energi- og miljøtek	1	12	5	5	10	10	0	2	83%
ELELE1	Elektrofag	1	12	23	22	12	12	0	0	100%
ELELE2----	Elenergi	2	24	18	18	22	22	0	2	92%
HSHSF1	Helse og oppvekst	2	30	30	25	30	30	0	0	100%
HSHEA2----	Helsearbeiderfag	1	15	12	10	12	12	0	3	80%
HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeide	1	15	18	18	15	15	3	0	100%
IDRET1	Idrettsfag	1	30	19	19	26	26	0	4	87%
IDIDR2----	Idrettsfag	1	30	28	28	30	30	0	0	100%
IDIDR3----	Idrettsfag	1	30	24	24	25	25	0	5	83%
PBPBY3----	Påbygg, gen. studiekompet	1	30	41	33	30	30	16	0	100%
SSSSA1	Service og samferdsel	1	16	10	8	10	10	0	6	63%
SSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15	17	15	15	15	0	0	100%
SSISF2----	IKT-servicefag	1	15	15	12	15	15	1	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	2	60	67	65	60	60	0	0	100%
STREA2----	Realfag	1	30	33	31	30	30	0	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	1	30	28	28	30	30	1	0	100%
STREA3----	Realfag	2	45	40	39	40	40	0	5	89%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	1	45	41	41	45	45	0	0	100%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	2	24	16	15	24	24	0	0	100%
TPPIN2----	Industriteknologi	1	12	13	10	12	12	0	0	100%
		<b>28</b>	<b>556</b>	<b>521</b>	<b>487</b>	<b>523</b>	<b>523</b>	<b>21</b>	<b>33</b>	<b>94%</b>

## 14014 Måløy vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
BABAT1P---	Bygg/anlegg,YSK 4år	0	2	1	1	1	1	0	1	50%
BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	1	12	10	10	12	12	2	0	100%
HSHSF1P---	Helse/oppvekst,YSK 4år	0,5	6	10	10	6	6	0	0	100%
HSHSF1	Helse og oppvekst	1	15	20	18	15	15	1	0	100%
HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeide	1	15	16	11	14	14	0	1	93%
HSHEA2P---	Helsearbeiderfag,YSK 4år	0,5	9	8	8	8	8	0	1	89%
NANAB1	Naturbruk	1	8	17	14	8	8	2	0	100%
NANAB1P-M-	Naturbruk, mar.fag,YSK 4	0	4	5	5	4	4	0	0	100%
NAAKV2----	Akvakultur	0,5	6	4	3	3	3	0	3	50%
NAAKV2P---	Akvakultur,YSK 4år	0	4	4	4	4	4	0	0	100%
NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6	4	4	4	4	0	2	67%
PBPBY4P2--	Påb.gsk e yrkeskomp, YSK	1	18	16	16	16	16	0	2	89%
PBPBY4P1--	Påb.gsk e yrkeskomp, YSK	1	14	15	15	14	14	1	0	100%
RMRMF1	Restaurant- og matfag	1	14	18	18	14	14	2	0	100%
RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12	13	12	12	12	2	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	1	30	41	40	30	30	1	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	0	17	17	17	17	17	0	0	100%
STREA2----	Realfag	1	13	13	13	13	13	1	0	100%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	0	20	23	23	20	20	2	0	100%
STREA3----	Realfag	1	10	10	10	10	10	0	0	100%
TPTIP1	Teknikk og industriell prod	2	24	19	17	24	24	2	0	100%
TPTIP1P---	Tekn/ind prod,YSK 4år	0,5	6	9	8	6	6	0	0	100%
TPMAR2----	Maritime fag	2	24	55	47	24	24	10	0	100%
TPKJT2----	Kjøretøy	1	12	11	10	12	12	0	0	100%
TPPIN2P---	Industriteknologi,YSK 4år	0,5	8	7	7	7	7	0	1	88%
		<b>19</b>	<b>309</b>	<b>366</b>	<b>341</b>	<b>298</b>	<b>298</b>	<b>26</b>	<b>11</b>	<b>96%</b>

## 14015 Firda vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
IDRET1	Idrettsfag	1	30	37	36	30	30	3	0	100%
IDIDR2----	Idrettsfag	1	30	27	27	28	28	0	2	93%
IDIDR3----	Idrettsfag	1	30	31	31	30	30	0	0	100%
MDMDD1--1-	Mus/dans/drama,musikk	1	24	31	31	24	24	3	0	100%
MDMDD1--4-	Mus/dans/drama,dans	0,5	12	19	17	12	12	3	0	100%
MDMDD1--6-	Mus/dans/drama,drama	0,5	12	18	18	12	12	0	0	100%
MDDRA2----	Drama	0,5	12	7	7	7	7	0	5	58%
MDMUS2----	Musikk	1	24	22	22	23	23	0	1	96%
MDDAN2----	Dans	0,5	12	7	7	7	7	0	5	58%
MDMUS3----	Musikk	1	24	22	19	19	19	0	5	79%
MDDAN3----	Dans	0,5	12	7	7	7	7	0	5	58%
MDDRA3----	Drama	0,5	12	10	10	10	10	0	2	83%
MDMUS3H---	Musikk,GRKO		1	1	1	1	1	0	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	1	30	37	36	30	30	3	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og	1	16	16	16	16	16	0	0	100%
STREA2----	Realfag	0	14	14	14	14	14	0	0	100%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og	1	15	13	12	15	15	1	0	100%
STREA3----	Realfag	0	15	11	11	12	12	0	3	80%
		<b>12</b>	<b>325</b>	<b>330</b>	<b>322</b>	<b>297</b>	<b>297</b>	<b>13</b>	<b>28</b>	<b>91%</b>

## 14016 Eid vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
DHDHV1	Design og håndverk	2	32	35	32	32	32	1	0	100%
DHIUD2----	Interiør og	0,5	6	12	11	6	6	1	0	100%
ELELE1	Elektrofag	2	24	48	44	24	24	1	0	100%
ELELE2----	Elenergi	1	14	17	16	14	14	1	0	100%
ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12	8	8	12	12	0	0	100%
ELAUT2----	Automatisering	1	12	15	15	12	12	1	0	100%
ELDAT3----	Dataelektronikerfaget	1	12	12	12	12	12	0	0	100%
PBPBY3----	Påbygg, gen. studiekompet	1	27	57	50	27	27	21	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	2	61	54	53	59	59	0	2	97%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økc	1	38	38	38	38	38	0	0	100%
STREA2----	Realfag	1	22	21	21	22	22	0	0	100%
STREA3----	Realfag	1	23	29	29	23	23	1	0	100%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økc	1	37	44	44	37	37	1	0	100%
TPPTP1	Teknikk og industriell proc	3	36	30	29	36	36	6	0	100%
TPIMS2M---	Industriell møbelprod,LAI	0,5	6	6	5	6	6	0	0	100%
TPPIN2----	Industriteknologi	1	12	7	7	12	12	0	0	100%
		<b>20</b>	<b>374</b>	<b>433</b>	<b>414</b>	<b>372</b>	<b>372</b>	<b>34</b>	<b>2</b>	<b>99%</b>

## 14017 Stryn vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	1	12	15	12	12	12	2	0	100%
BABYG2H---	Byggteknikk,GRKO		1	1	1	1	1	0	0	100%
BABYG2----	Byggteknikk	1	17	12	11	14	14	0	3	82%
HSHSF1	Helse og oppvekst	1	15	18	16	15	15	4	0	100%
HSHEA2----	Helsearbeiderfag	1	15	10	7	9	9	0	6	60%
SSSSA1	Service og samferdsel	1	15	18	13	15	15	2	0	100%
SSRLV2----	Reiseliv	0,5	7	6	5	7	7	0	0	100%
SSTR2----	Transport og logistikk	1	15	11	10	15	15	0	0	100%
SSSS2----	Salg, service og sikkerhet	0,5	6	8	8	6	6	0	0	100%
STUSP1	Studiespesialisering	2	60	59	58	60	60	0	0	100%
STSSA2----	Språk, samfunnsfag og øko	0	36	32	32	32	32	0	4	89%
STREA2----	Realfag	2	24	20	20	20	20	0	4	83%
STREA3----	Realfag	1	20	18	18	20	20	0	0	100%
STSSA3----	Språk, samfunnsfag og øko	1	40	39	38	40	40	1	0	100%
		<b>13</b>	<b>283</b>	<b>267</b>	<b>249</b>	<b>266</b>	<b>266</b>	<b>9</b>	<b>17</b>	<b>94%</b>

## 14018 Mo og Øyrane vidaregåande skule

Kurskode_grunn	Kursnamn_grunn	Grupper	Plassar	Prim. totalt	Prim. totalt U	Tatt inn totalt	Tatt inn sum U	Utan tilbod GRL U	Ledig	Oppfylling
BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	5	62	49	47	62	62	3	0	100%
BAANL2----	Anleggsteknikk	2	24	37	33	24	24	8	0	100%
BABYG2----	Byggteknikk	2	24	23	23	24	24	0	0	100%
ELELE1	Elektrofag	3	36	54	52	36	36	1	0	100%
ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12	7	6	9	9	0	3	75%
ELELE2----	Elenergi	1	12	19	15	12	12	0	0	100%
HSHSF1	Helse og oppvekst	3	47	57	54	47	47	1	0	100%
HSHEA2H---	Helsearbeiderfag,GRKO	0	2	2	2	2	2	0	0	100%
HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeide	1	15	29	29	15	15	6	0	100%
HSHEA2----	Helsearbeiderfag	2	23	22	19	23	23	2	0	100%
HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	9	30	19	9	9	2	0	100%
HSSES2----	Helsesevicefag	0,5	6	4	4	6	6	0	0	100%
NANAB1	Naturbruk	1	12	23	19	12	12	1	0	100%
NANAB1--3-	Naturbruk,hest	1	12	12	10	12	12	0	0	100%
NAHHO2----	Heste- og hovslagerfag	1	12	9	7	8	8	0	4	67%
NALGA2----	Landbruk og gartnermering	1	12	15	15	12	12	2	0	100%
NALBR3----	Landbruk	1	12	14	9	9	9	0	3	75%
NANAB3----	Studieforberedende naturb	1	6	11	6	6	6	0	0	100%
PBPBY4YK--	Påb.gsk e yrkeskompetans	0	22	38	1	22	0	1	0	100%
RMRMF1	Restaurant- og matfag	2	27	13	11	25	25	0	2	93%
RMKOS2H---	Kokk- og servitørfag,GRK		1	1	1	1	1	0	0	100%
RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12	16	15	12	12	4	0	100%
SSSSA1P---	Service/samf,YSK 4år	1	15	18	17	15	15	1	0	100%
SSSS2P---	Salg/service/sikkerh, YSK	1	9	9	9	9	9	0	0	100%
TPTIP1	Teknikk og industriell proc	2	24	27	26	24	24	2	0	100%
TPPIN2----	Industrieteologi	2	24	7	6	16	16	0	8	67%
TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	1	12	9	8	12	12	0	0	100%
TPKJT2----	Kjøretøy	1	12	23	19	12	12	4	0	100%
		<b>38</b>	<b>496</b>	<b>578</b>	<b>482</b>	<b>476</b>	<b>454</b>	<b>38</b>	<b>20</b>	<b>96%</b>

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑